

TILSTELNINGAR I SKOGLY

Kjære leigetakar !

Ungdomshuset Skogly er eit gammalt og velbrukt hus i bygda vår. Vi har alle glede av huset, og det er utan tvil bruk for ein slik samlingstad. For unge og for eldre. For å kunne halde huset triveleg og i orden er vi avhengige av at alle som brukar det ryddar og vaskar slik at det blir i den stand du sjølv ønskjer å kunne finne det neste gong. Vi har nemleg ingen vaktmester som gjer dette. Det er du sjølv som må ta ansvaret for reinhaldet.

1. INNGANGSPENGAR IKKJE LOV

Når du leiger Skogly har du ikkje lov til å ta egne inngangspengar. Det er Eira Ungdomslag som eig huset og alle typer inntekter ifb utleige skal gå til laget.

2. SØPPEL

Alt søppel skal samlast i søppelsekkar. Tomme sekkar finst i kottet under trappa. Knyt for sekken og plasser den i søppeldunken. Alternativt ta med søppelet heim.

3. VASK OG RYDDING

Vask alle bord og vinduskarmar. Det same gjeld benkar og oppvaskbenk på kjøkkenet. Vask alle lysestakar, om slike har vore i bruk. Kast alle ubrukelege lysstumpar. Set koppar og kar på plass i skapa. Ta koppehanddukar og oppvaskfiller med heim for kokvask. SØRG FOR AT DEI KJEM SNARAST RÅD PÅ PLESS IGJEN !

4. VASK AV TOALETT

Tøm papirkorgene, plukk opp rusk og rask, brustopper o.l. Det same gjeld uteområdet! Vask servantane. Vask toalettskålene. Og BYTT VATN fleire gonger.

5. VASK AV GOLV

Vask alle golva skikkeleg, men bruk minimalt med grønsåpe. Mykje såpe gjer golva klissete. Rask svabring dug ikkje. Skift vatn ofte. Sand som ligg igjen slit unødige på golva.

6. TIL SLUTT

Skyll opp alle klutane og heng dei luftig. Skyll bøttene. Pass på at vindua ikkje blir ståande åpne. Og lås dørene.

7. MANGLAR OG HÆRVERK

Meld straks frå til ungdomslaget dersom noko er vorte skada eller øydelagt under tilstelninga. Leigetakar er ansvarleg for å erstatte øydelagt inventar og gjenstandar. Ser du manglar eller anna som burde vere på plass eller i orden, så sei ifrå.

8. NØKKEL

Lever tilbake nøklar til utleigaren så snart du er ferdig med rydding og vask.

Husk at rot avlar meir rot !
Takk for hjelpa.